


Hareid

Herøy

Sande

Ulstein



Brosjyra er utarbeidd av arbeidsgruppe for  
«Rusførebyggjande tiltak retta mot gravide og spe- og småbarnsforeldre»  
For bestilling, kontakt Ulstein helsestasjon tlf.: 700 17 880



Småbarns-  
foreldre  
og rusmiddel

Du er den  
første og  
viktigaste  
læraren  
for barnet  
ditt

90% av vaksne nordmenn brukar og/ eller misbrukar rusmiddel, i hovudsak alkohol

Kanskje er det viktigaste forebyggjande arbeidet vi vaksne kan gjere å leggje om vår eigen bruk av rusmiddel?

«Barn spør ikkje kor mykje du drikk.  
Dei spør heller ikkje kva du drikk.  
Dei opplever korleis du blir»

Når foreldre drikk alkohol eller brukar andre rusmiddel, opplever barnet at foreldra endrar veremåte lenge før den vaksne kjenner seg rusa. Endringa skaper utryggleik hos barnet.

## Tenk over dette:

- ◆ Kva slags forhold til rusmiddel ønskjer de å ha som foreldre med omsorg for barn?
- ◆ Kva tenkjer de er annaleis når det gjeld dykkar forhold til bruk av rusmiddel etter at de har fått barn?
- ◆ Er de villegetil å utelate bruk av rusmiddel på dagar då slike tradisjonelt/ofte vert nytta, når de har ansvar for barn?
- ◆ Er det i enkelte sosiale sammenhengar problematisk å ikkje nyte rusmiddel?
- ◆ Ville de ha overlete barnet dykkar til ei barnevakt som var rusa?

N.B. «Rusmiddel» omhandlar her både alkohol og ulovlege narkotiske stoff.